

# LOV OG EVANGELIUM

Gitt ut av Norsk Luthersk Lekmannsmisjon

Nr. 3

15. mars 1986

22. årgang

## Du og dine foreldre

Du skal hedre far og mor, så det går deg godt og du får leve lenge i landet.

**Det er:** Vi skal frykte og elske Gud, så vi ikke setter oss opp mot foreldrene våre, eller andre som Gud har satt over oss, men viser dem ære, elsker og lyder dem.

I dag skal vi ta livet av ei vanleg misforståing. Nemleg den at det 4. bodet berre gjeld born. Saka er at bodet om å ære far og mor like mykje er mynta på vaksne born av gamle foreldre. Slik var det første gongen bodet lydde til Israels-folket ved foten av Sinaifjellet. Slik er det i dag. Bodet «fangar inn» alle som har foreldre i live. Lat oss så lytte til biskop Pontoppidan si forklaring frå 1737:

«*Hva blir vi befalt i det 4. bud?*

Å ære, tjene, lyde, ak'e og elske foreldrene våre.

Hva blir vi forbydd i det 4. bud?

Å forakte foreldrene våre og gjøre dem bedrøvet eller sinte».

«*Velsigna vere kvar og ein som lyfter av foreldri Stein og deira bører letter...*»

Mange av Dagens lesarar lever og verkar milevidt frå mor og far — eller frå den av dei som enno lever. Ein er engasjert med studier eller komitemøte, med møbelsnekring eller kontorarbeid, med venekrets, med ektefelle og born.

Denne helga vil eg gje deg eit konkret råd: Kost på deg ein ekstra telefon og slå av ein prat — Kanskje du på den måten kan etterkome salmeversets ord som å løfte Stein av skuldrene deira.

Eller: Skriv eit ekstra brev og legg ved siste biletet av veslegut. Vis dei tillit og fortel med enkle ord kva du er oppteken med. Kanskje du på den måten lettar børa for ei aldrande mor eller far. Denne helga sit dei kanskje i einsemid og tenkjer attende på den tida da du og storesøser leika på tunet. For mange aldrande foreldre er livet grått. Du kan vere med og gi det farge. Kjærleiken er konkret.

## «Reis deg for dei grå hår»

Idag har vi elles fått ein for snever ordbruk når vi skal heise ideal for samver mellom familiemedlemer. No heiter det berre elske. Og det er godt. Men Bibelen nyttar eit heilt *sett* med omgrep for å vise korleis vi skal vere mot kvarandre. (Janfør sitatet frå Pontoppidan).

Foreldre skal *oppdra* borna i Herrens tukt og formaning. Borna skal *æra* foreldra og *lyda* dei. Kona skal *underordna* seg mannen. Mannen skal *elska og ofra* seg for kona si. Les Ef. 5.21-6.4.. Alle desse orda skal tolkast innafor ramma av kravet om kjærleik. Men dei seier no-koko om kjærleiken i praksis i dei forskjellige «relasjonane».

Kravet om lydnad fell sjølvsagt bort når barnet blir vaksent. Men lat oss dvele litt meir med kravet om å være.

Nokre har riktig gamle foreldre som kanskje er blitt senile. Men kravet om respekt ligg der like fullt. Dei var nemleg Guds verktøy då han skapte deg og gav deg ein plass i vogga.

Du skal «difor ikkje sjå på personen, korleis dei er, men på Guds vilje, han som skapar og ordnar det slik» (Luther). Ved å æra foreldra, ærar du Gud og hans skaparordning.

## Eit ord til barnefamiliar:

Du kan knapt æra dine foreldre meir enn ved å gje dei høve til nær kontakt med neste generasjon. Ikkje ved å «misbruке» dei til barnepass i tide og utide sjølvsagt. Her må ein vise respekt for deira lyst og kapasitet. Eg tenkjer helst på dei som lever langt unna besteforeldra.

Har du ikkje sett kva det betyr for bestemor når ho får lese høgt for veslejenta eller lage mat til henne? Og glimtet i guteaugo når bestefar lagar pil og boge, det varmar han like inn i sjela! Hugs også oldemor på aldersheimen. Dei tilsette der kan aldri erstatte kontakten med slekta. Respekt er respekt også for kjensler.

## Røter og venger

I barneoppseddinga skal vi tilstrebe å gje borna både røter og venger, er det sagt. Røtene skulle strekke seg ned til djupare kjelder enn dei du i 30–40 års alderen maktar å gje borna dine. Generasjonen over deg kan vere med og gje eit vidare perspektiv til dei oppveksande generasjonen. Dei har kontakt med kjelder som borna dine burde lære å strekke sine røter imot.

Merk deg også ein ting til: Den måten du er på overfor *dine* foreldre er einaste førebilete *dine* born har når *dei* blir vaksne og du er gammal.

God helg i familien!

*Egil Sjaustad*  
(Etter Dagen)



# Jeg utsletter dine overtredelser som en tåke og dine synder som en sky. Vend om til meg, for jeg gjenløser deg. Es. 44,22.

Dere ulykkelige sjeler som aldri kan bli fornøyd med omvendelsen, syndserkjennelsen, angeren, bønnen og helligjørelsen, fordi dere aldri får dette til slik det skulle være, dere har aldri noen trøst i Kristus. Men hør hva Frelseren sier her: «Jeg utsletter dine overtredelser som en tåke og dine synder som en sky. Vend om til meg, for jeg gjenløser deg.»

Det er sant alt det Guds ord taler om omvendelse, om anger og bønn, og så videre. Men vi skal ikke gjøre omvendelsen, angeren og bønnen til en ny forsoning, slik at en ikke tør tro den frie nåden i Kristus fordi en mangler så meget i angeren, omvendelsen og bønnen. Det er en sjelesykdom stor ei rett å akte Jesu blod.

## **Bladet Lov og Evangelium**

Bladet blir sendt til alle som sender eksp., namn og adr.

Bladet blir halde opp av frivillige gäver.

Eksp: O. Dyrøy, 5620 Tørvikbygd.

Telefon 05/558363

Alt som har med bladet sin eksp.  
blir sendt dit, som tinging, oppseiling  
og adresseforandring.

Gäver til bladet kan sendast kass. S.Bøhn  
postgiro 5 68 21 33

Red. Amund Lid, 5600 Norheimsund.  
Tlf. 05/551080

## **Norsk Luth. Lekmannsmisjon**

Form. Ragnar Opstad

Opstadv. 38, 4350 Nærøa Tlf.04-433685  
Kass. Sverre Bøhn, 5601 Norheimsund.  
Postgiro 5 68 21 33. Bankgiro 3530.21.00932

ØYSTESE TRYKKERI A/S

Det er omvendelse, anger og syndserkjennelse nok der, hvor en ikke lenger kan få ro i verden eller i sin egen fromhet. Det er syndserkjennelse nok der, hvor en er så uverdig at en ikke tør ta imot den uforskyldte nåde. Det er ofte det vi mangler nettopp i angeren, omvendelsen og bønnen som knuser oss mest fattige. Men når en så, hvor uverdig en enn er, ikke tar sin tilflukt til Kristus og hans fortjeneste, se det er en sjelesykdom stor ei rett å akte Jesu blod, det er å gjøre seg selv alt for viktig. Du er ikke så meget verd, hverken med dine synder eller med din omvendelse. Du følger med på det store kjøpet om du bare ville ta imot og tro hans store nåde.

Å, forsto vi bare Guds gave! Forsto vi bare hva det ligger i disse ord: «Jeg utsletter dine overtredelser». For det første ser jeg der det som hele Guds evangelium har forkjent helt fra verdens begynnelsene. Det var Guds store, evige rådslutting, at all verdens synd skulle legges på en. Og ved denne «enes lydighet», lidelse og død skulle synden sones, utslettes og borttas. «Ham som ikke visste av synd, har han gjort til synd for oss.»

Se, det er hemmeligheten. All synd har ved Kristi død mistet sin makt til å fordømme. Den er tatt bort, ja, «kastet i havets dyp», slik at den aldri mer kan hindre nåden. Det er ikke noen som egentlig blir fordømt for syndens skyld, men fordi de ikke kom inn i nådens rike!

Om de bare visste at helt fra Kristi død har syndenes forlatelse ligget ferdig for dem!

For det andre ser jeg her igjen hvordan Kristi hjerte brenner av kjærlighet. Jeg ser at han som bar vår synd, ikke angrer det han gjorde. Han gjorde det av en overstrømmende kjærlighet. La oss da ikke glemme Kristi kjærlighet helt!

«Bli i min kjærlighet,» sier han. «Ingen har større kjærlighet enn den som setter sitt liv til for sine fiender.» Må ikke da hans kjærlighet være helt fri og uavhengig av oss og alle våre forhold?

Dersom du derfor igjen blir fylt av disse tankene: Var jeg bare slik og slik, jeg er ikke slik som jeg brude være. Jeg er ikke så sønderknust og alvorlig. Jeg er så hard, kald, lettsindig, hykkelsk og syndefull. Hvorledes kan jeg da tro Guds nåde? — dersom du igjen blir fylt av disse tankene, skal du legge merke til hva som er midtpunktet i all denne talen. Hva dreier alle tankene dine seg om? Hva bygger din tro på?

Jo, det er det lille ordet «jeg». «Dersom jeg var», «dersom jeg kunne», heter det. Det er ditt eget jeg som er så viktig for deg. Du vil selv være rettferdig. Men da blir du din egen frelser. Vokt deg for denne sykdommen!

Paulus var så redd for noen innblanding av egen trøst, at han aktet sin høyeste rettferdighet som tap og skarn, sier han — «forat jeg kan vinne Kristus og finnes i ham, ikke med min rettferdighet, den som er av loven, men med den som fåes ved troen på Kristus.»

Og merk deg her at mens vi så ofte gjentar vårt «jeg», «jeg», så gjentar også Herren sitt «jeg»: «Det er sant at du ikke er som du skulle. Du er full av synd og uverdig. Men jeg, jeg jeg har utslettet dine overtredelser som en tåke.» Hans navn være lovet!

Når du sier: «Jeg angrer ikke synden riktig», så svarer han: «Du har ikke anget riktig. Jeg har anget for deg — i Getsemane. Jeg, jeg har utslettet.» — Du sier: «Jeg ber ikke riktig». Han sier: «Nei, du har ikke bedt riktig! Jeg har med sterkt skrik og tårer frembåret bønner og nødrop. Jeg har utslettet.» — Du sier: «Det har ikke vært magtpåliggende nok for meg». Han sier: «Nei, du har ikke kalt på meg. Men du har vært makt-påliggende for meg, jeg har arbeidet, jeg, jeg har utslettet dine overtredelser som en tåke og dine synder som en sky.»

Skulle vi ikke vise ærefrykt for dette nådebudskapet, og falle ned for ham, takke og bekjenne: Ikke oss, ikke oss, Herre! Men ditt navn være æret! Du, du alene er rettferdig og gjør den rettferdig som tror på deg.

Herre, øk vår tro!

*C. O. Rosenius*



# Kom til vannene

Es. 55, 1—11

av Einar Kristoffessen

(*Framhald frå førre nr.*)

Luther sier et sted: For man skal vite at det er noe helt annet å være en from mann, å gjøre store gjerninger å leve et dydig liv- og å være en kristen.

På lovens vei er det alltid, for den som vil være ærlig, angst og uro. Etter at du har gjort så godt du synes du kan, vil det alltid melde seg et spørsmål. Er det nok nå?

Det fortelles om en jødegutt som var med sin far i synagogen, på den store forsoningsdagen de feirer. Hvor de leser opp sine bønner i time etter time. På hjemveien ser gutten opp på sin far og spør! Er det nok nå far? Med andre ord. Er Gud fornøyd med det *du* har gjort?

## Hør så skal eders sjel leve

Herren vil som vi leste i ordet, at vi skal *høre*. V3. Bøi eders øre hit... Å ja, Herren må stri med oss, for å få oss dit. På «Mariaplassen» ved Jesu føtter. Luk. 10, 38—42 For å høre Ham! Men *det* er Guds befaling til oss. Hør Ham! Matt. 17,5 Det var elevplassen! Paulus sier om seg selv i Ap.gj. 22,3 at han var opplært ved Gamaliels *fötter*.

Vi tenker naturlig *gjøre* og denne innflytelsen stammer ifra avgrunnen dypest sett. Når et menneske vil berge sin ære innfor den levende Gud som ER sannheten og sier sannhet! og han sier at mennesket fattes ære for Gud. Rom. 2, 23.

Se f.eks. på fariseerne og de skriftlærde på Jesu tid. (For å se hva for ånd «rettferdiggjørelsесstrevet» er av.) Med sine drakter og bønnedusker og ærbare liv. De la ikke skjul på hvem de ville tjenne! Fromme mennesker som virkelig oppriktig la vinn på å være det. De fremstilte seg selv som forbilder for folket, med det fromme motiv, at folket ved deres eksempel skulle anspores til å søker Gud. De ville være Gud med sitt liv. Du hører endel om det idag og! Skulle tro det var frukt av en god ånd. Og det kan det selvfølgelig være, (det ligger enhver sann kristen på hjertet!) men ikke nødvendigvis. Og slett ikke her! Det ser vi da de møtte Jesus- Den Hellige Ånd. Da åpenbarte det seg hva ånd de var av. I møte med han som er *lyset!* Og Jesus sa jo også like ut. «I har djevelen til far.» Joh. 8, 44. De sto ham etter livet, kalte ham en djevel, en forfører og besatt og grep steiner ved flere anledninger og ville drepe ham. Her ser du menneskets mørke! De holdt Gud for å være en djevel! Og ser vi på vårt samfunn idag, så ser vi det samme mørke. Jesus ut av barnehager, ut av skoler, ja, ut overalt. Hans innflytelse ansees som skadelig! Det viser seg med fariseerne her, at sitt fromme liv til tross, var de Guds fiendes tjenere. Bak all prakten lå slangen skjult. Og da Jesus som avslørte

den kom nær, så hugg den etter ham. Og det vil du og få erfare som lever i samfunn med ham og vitner; Jesus alene! Det er på *ham* det prøves!

Der er mange veier som fører bort fra Gud, men bare en fører til ham! Jesus sa engang til de skriftlærde: «I ransaker skriftene fordi I tenker at *I dem* har I liv. Joh. 5, 39-40 og videre; det er de som vitner *om meg* og I vil ikke komme til *meg* for å få liv. Vi skal lege merke til dette; *I dem!*» De tenkte de hadde liv i *skriftene*. Derfor kom de ikke til ham som *skriftene vitnet om* for å få liv. Det er ingen hjelp i å ha den rette lære, der som du setter din lit til *den*. Men læren er nytig for å lede deg til Jesus og holde deg hos ham. (Og ikke minst for å avsløre villfarelse!) Men læren *i seg selv* kan ikke frelse. Det er ikke liv i skriftene, men i ham som skriftene vitner om! Har du sett at de vitner om Jesus? Bibelen er til av en grunn. Jesus! Forat vi skal se ham og leve!

Skriften vitner på mange vis om Jesus. Og Faderen vitner også gjennom de gjerninger han gjør. Hans gjerninger vitnet om hvem han var! Ta f.eks. dette at Jesus utførte handlinger på sabbatten som var imot jødernes forskrifter. Det står ved flere anledninger at han helbreddet på sabbatten f. eks. Matt. 12, 13. Luk. 13, 13. Og hvorfor gjorde han dette som provoserte jødene så? Var det for å provosere? Nei, han er ikke som vi kan være og hadde selvfølgelig ingen interesse av det. Hvorfor gjorde han det så? En årsak er nå vel denne; Ved det, vitnet han om hvem han var! Herre over sabbatten! Mark. 2, 28 Og bare den som har innstiftet sabbatten, er Herre over

sabbatten. Og det er Gud! Jesus er Gud! Men de ville ikke ta imot dette. Du som er et menneske, gjør deg selv til Gud, sa de og så ville de steine ham for det. En ser det samme idag. At Jesus var et godt menneske, et ideal, stort forbilde, en stor morallærer osv. ja, det kan de fleste være enige om. Men hans guddommelighet. At han var Gud. Det støter de seg på! Men det er vitnesbyrdet om Jesus! Men det var dette vitnesbyrd også jødene reagerte så kraftig imot. De hadde ikke frelsesbehov. De var ikke «tørste», og de veide ut penger og fortjente v2. De ville kjøpe seg frelse og mente de hadde noe å betale med. Sine gode gjerninger!

Herren kaller ikke sånne. Men loven kan de få høre. Lovens krav og hva Jesus måtte lide for deres synders skyld. Vi leser om den rike unge mann i Matt. 19 og Mark. 10 som kom til Jesus, med spørsmål om hva han skulle gjøre, for å arve evig liv! Vi tenker ikke her på de forskjellige i Ap.gj. som i syndenød utbryter; hva skal vi gjøre for å bli frelst? De får svaret: Tro på den Herre Jesus og: Omvend eder! Som er en og samme sak. Apostlene viser dem altså til evangeliet. Men her kom en som virkelig mente om seg selv, at han kunne gjøre noe for å *fortjene* frelsen. Så ser vi da også at Jesus viser ham til loven. Ikke fordi det var en mulig vei til frelse, for det visste jo selvsagt Jesus at det ikke var. Men forat han muligens måtte komme til sannhets erkjennelse. Om seg selv! Hvor han sto i så måtte ser vi i at han så selvsikkert sier i forbindelse med overholdelsen av loven. «Mester! alt dette har jeg holdt fra min ungdom av.» Ja,

det mente han virkelig at han hadde gjort! Så legger Jesus lovens virkelige krav innover ham. Hvor er ditt hjerte? Da ser vi at han faller på det første bud. Han elsket sin rikdom høyere enn Gud. Og istedet for å bekjenne sin synd, gikk han bedrøvet bort, står det om ham. Skriften taler om å unndra seg til fortapelse. Hebr. 10, 38-39 Slik ser vi hvordan de «rettferdige» vises til loven. Den de setter sin lit til. Joh. 5, 45.

Men til den fattige i ånden, sier Gud som vi ser i v3 her. Hør! Så skal eders sjel leve. Og videre; gi eder Davids (d.e. den som ble lovt David) rike nåde, den visse. *Den visse!* Minnes jødegutten på den store forsoningsdagen. (nevnt ovenfor) Er det nok nå, far?

Så følger *selvfølgelig*, i v4, et vitnesbyrd om Messias Jesus. Det er i (v4-5) vi er gitt Davids rike nåde, den visse. Og så, derfor videre i v6 Søk Herren! Men hvordan? Jo, ved å forlate *sine egne* tanker. Også våre tanker om kristendom og alt det som har med Gud og vår frelse å gjøre. Og derfor også *våre egne* veier til frelse. v7. Og altså igjen; Hør hva *Herren* seier! Vi hører alle til de ugodelige og urettferdige. v7. Og det vet du som tørster! Vi skal altså forlate *våre* veier og *våre* tanker, også om de åndelige ting. Vi har i oss selv ikke det som kreves for å se og forstå det. v8-9. Hans tanker er høyere enn våre og hans veier er høyere enn våre. Ja, som himmelen er høyere enn jorden!

De troende kalles i skriften, de saktmodige. Og det å være et saktmodig menneske, det er å være et menneske som har lagt sin sak i Herrens hånd. Og det er dit Herren vil ha oss. For våre egne veier fører *alltid* bort fra Ham. Og

veien bort fra Ham, det er fortapelsens vei. Og det er såvisst ikke Hans vilje med oss. 1 Tim. 2,4 Herren vil ha et menneske dit hvor han kan få omvende det. Og det gjør han ved sitt ord. Se v10-11 her. Han sender sitt ord! Og det er ved Hans ord du får del i frelsen i Jesus Kristus. Og det er omvendelse! Når den hungrige får del i livets brød. Det er å gå over i fra Satans makt og til Gud. Det skjer ved «de opplatte øyne». Ap.gj. 26, 18. Vi leser også om Efraim i Jer. 31, 18 hvor han ber til Gud; omvend meg du så blir jeg omvendt. Her ser han så dypt i sitt forderv at han innser at skal det bli noe med ham, så må Herren selv gripe inn. Det er altså ikke ved noe du gjør eller *ikke gjør*. Men hør! Bli stille og hør! Det er gjort! Jesus er gått i ditt sted. Har sonet din synd. Har gitt sitt blod til løsepenger FOR DEG. Du er årsaken til at han kom. Han er DIN frelsers! Frelsesverket er fullført, og nå forkynnes det deg! Du må ikke forakte Guds ord. Det står om templet, stedet hvor Gud ville åpenbare seg. Det skal ikke bli sten tilbake på sten. Og om Jerusalem, Guds egen stad. Den skulle utslettes. De foraktet Guds ord som kom til dem i kjed. Når Guds utvalgte folk måtte lide dette, hva da med oss som tilhører et folk som vel har fått Guds ord forkynt som ikke noe annet folk? Hvordan skal det da gå oss om vi forkaster Ham som har kommet oss så nær med sin frelse?

Å ville bygge sin egen stige til himmelen er heller ikke noe annet enn forakt for Guds ord. Forakt for Guds Sønns offer. Han som gav sitt liv. Og det er å gjøre Gud til en løgner. Og alt for egen vinnings skyld. For å berge sitt liv! Men Jesus har sagt at den som lykkes i det

han skal miste det. Utestengt på grunn av vantro.

Når vi nå er inne på dette med vantro, kan det være grunn til å minne om Hebr. kap. 4. Hvor det står i v3 at Gud svor i sin vrede; sannelig, de skal ikke komme inn til min hvile- og så videre- enda gjerningene var fullført fra verdens grunnvoll ble lagt.

Når situasjonen var slik- gjerningene var allerede fullført- Hva skulle da kunne hindre dem i å komme inn? Jo, vantro! De trodde ikke det Herren forkynte dem. v2 ordet som *de hørte*, blev dem til ingen nytte, fordi det ikke ved troen var smeltet sammen med dem som hørte det. De hørte likesom oss, det glade budskap forkynt, men det blev dem til ingen nytte enda, som det står, gjerningene var *fullført* fra verdens grunnvoll ble lagt. Fullført! Men de trodde det altså ikke!

Det står at Gud hvilte på den syvende dag. Og hvorfor hvilte Gud? Fordi alt var ferdig! «Og Gud så på alt det han hadde gjort, og se, det var såre godt.» 1 Mos. 1, 31. Alt var gjort. Det skulle ikke gjøres mer, så Gud hvilte fra sine gjerninger.

Hvorfor kan en kristen hvile fra sine gjerninger? D.v.s. gjerninger til frelse. Jo, ganske enkelt, fordi alt allerede er gjort. Gud har gjort det hele og det skal ikke gjøres mer. «Og se det var såre godt.» Det vitner Gud selv, da han reiser Jesus opp fra de døde. Rom. 1,4 Det var nok det som Jesus gjorde! Jeg skal ikke dømmes, for Jesus er allerede dømt! Det var jo ikke sine egne synder han, den syndfrie, ble dømt for. Det var mine! Men da er det jo gjort opp for min skyld!

Det er ved troen på dette Guds ord, jeg går inn til hans hvile og får hvile fra

mine gjerninger, likesom Gud ifra sine. v10 Jesus sier da også i Matt. 11,28 «Kom til meg alle I som strever og har tungt å bære og jeg vil gi eder *hvile*.»

Verket er riktig nok fullført, men det står allikevel om å gjøre seg umak for å komme inn til denne hvile, v11. Vi er født under loven og bærer på et kjød som alltid vil en annen vei enn Guds vei. Og tar anstøt av evangeliet. Budskapet om *Guds* store nådegjerning for oss. Alt er gitt oss i Jesus. Hør! sier Herren.

Den som vil bli frelst på en annen, d.v.s. sin egen vei. Han skal ta med seg døperen Johannes ord til fariseerne og sadduseerne da de kom til ham ute ved Jordan. «Øksen ligger allerede ved roten av trærne; derfor blir hvert tre som ikke bærer god frukt, hugget ned og kastet på ilden.» God frukt, hva vil det si? Jo, i dette tilfelle, så god frukt at du ikke blir hugget ned og kastet på ilden. Og det vil igjen si; så god frukt at du består for Gud! Men hvem består for Gud? Gud sier i sitt ord 3. Mos. 19,2 «I skal være hellige, for jeg, Herren eders Gud, er hellig.» Her ser du hvem som består for Gud. Nemlig, den *hellige*! Men hvem er hellig uten Gud? Altså skal du bestå for Gud, så må du være som Gud! *Så god frukt* må du bære om du ikke skal bli hugget ned og kastet på ilden!

Loven krever konsekvent å bli oppfylt, av alle mennesker, men har ingen råd eller hjelp å gi. Bare står fast og krever å bli oppfylt. D.v.s. overholdt etterlevd. Det er Guds hellige vilje uttrykt i ord og gjelder som nevnt *alle* mennesker. Den har løfter, men ingen av dem innfries før den er oppfylt. Du kan rope til Gud om kraft og hjelp, men himmelen er stengt inntil loven er oppfylt. Den

har bare et svar. *Gjør dette så skal du leve!* Men hvis ikke... Husk døperens ord: Øksen ligger allerede ved roten av trærne. Det er Guds ord!

Luther: Den som vil bli rettferdig og from, må først bli en synder og urettferdig. Den som vil bli helbredet, from, rettskaffen og gudfryktig, ja, en rett troende kristen, må bli syk, dårlig, en narr, forvendt, djevelsk, kjetter, en vantro.

Det bekreftes da også av ordet til innledning. Gud kaller de som har sett sin egen elendighet innfor den Hellige Gud, og som derfor tørster etter rettferdighet, og frelse. Bare den som er blitt slik i egne øyne griper Kristus. Og den som griper Kristus, han blir virkelig from. Ja, så from at han består for Gud. For han blir nemlig tilregnet hele Kristi fortjeneste. Hans fortjeneste, som oppfylte hele loven i vårt sted.

Det er ikke om å gjøre å bli from i andre menneskers øyne, og slett ikke i egne øyne. Men i Guds øyne! Den som er from i Guds øyne, han er frelst! Og from i Guds øyne det blir en alene ved troen på den Herre Jesus Kristus. Vår stedfortreder!

For menneskesønnen er kommet for å søke og frelse det som var *fortapt*. Luk. 19,10.

Nu vel, alle I som tørster, kom til vannene, og I som ingen penger har! kom, kjøp og et, ja kom, kjøp uten penger og uten betaling vin og melk!

*Einar Kristoffersen*

## Gjort levande — de som var døde

Dykk og har han gjort levande, de som var døde ved dykker misgjerninger og synder, som de fordom ferdest i etter tiderfaret i denne verda — og var av naturi vredens barn liksom dei andre. Efs. 2,1-3.

At menneske er åndeleg dødt og fortapt er ein svær sanning frå Herrens munn. Av naturen vredens barn. Til denne sanning har heile menneskeslektar ropa, Nei, Nei. Men det har aldri forandra Guds ords evige sanning. Døde ved dykker misgjerninger og synder. Går det ikkje an å avleggja synda og veksa seg til liv? når menneske gjer det beste det kan ved å leva rett og gjera rett? Lat oss sjå

og høyra kva Herrens ord seier i denne sak. Lat ikkje våre tanker eller andre autoriteter få stengja for sanninga. «Den uudelege vende seg frå sin veg, og den urettferdige frå sine tanker og vende seg om til Herren,» Esa. 55,7.

Den som ikkje vil lytta etter Herrens ord i denne sak, er i sitt eige mørke og døden. Det aller minste av vantru, og om og men, frå hjarta, der får våre tanker og vegar råderom. Israels skriftlærde og farisearar viser det klårt. Ordet som dømde deira åndelege død og synd vart ikkje høyrd.

Som eit ekko frå alle vise og kloke etter naturen lydde det. «Vi er Abrahams

vi har ein far, og det er Gud.» Er det mogeleg at menneske kan verta så forblinda og forherda?

Mange gjorde meir en både Abraham og Moses, men utan Guds liv. Det naturlige menneske kan ikkje veksa seg inn i Guds rike, heller ikkje arbeida seg inn, om gjerningane er aldri så store og gode. Ikkje om lovsong bruser, eller naud over synd vert stor. For desse ting kan skje i følelseslivet utan at hjarta er med. «Men det seier eg brør, at kjøt og blod kan ikkje arva Guds rike, ikkje heller arver forgjengeliggdom uforgjengeliggdom.» 1. Kor. 15,50. Det naturlige menneske vil alltid prøva få fred, liv og rettferd etter eigen tanke og gjerning. Så lenge eit menneske gjer etter det kjøtet og tankane vil, er og blir det vredens barn. Det står evig fast frå Herren.

Men nokon vart gjort levande, kven er desse? Det er ikkje Guds hjarta. Lovsongen, takk og æra gav liten trøyst her i mitt bryst. Kvifor Gud er du so langt burte, ropa den nedbøygde arme syndetræl. Herren svara: «Du søkte din trøst blant de døde.» Alt ditt eige er jordisk og forgjengeleg, det kan ikkje verta ståande i tid og æva.

Kjære arme sjel, høy kva du må ha: Noko som er evigt og uforgjengelegt. Kva er det? spør du: Det er ein som gråt Gudommelige og heilage tårer for di synd. Ein som var villig ikkje berre å gråta over den, men betala den med sitt blod. Hans verk er, og var, fullkome og uforgjengeleg. I din stad tok han dødsdomen, i din stad bar han forbanninga. For, forbanna er kvar den som heng på eit kors. I din stad ropa han: Min Gud,

Min Gud, kvifor har du forlatt meg. I din stad, smakte han lekam-død og evig død. Sitt fullkomne og rettferdige liv har han gjeve alle bortkomne søner og døtre, ja, heile Adams dødsdømte og fortapte slekt. Difor seier skrifta: Vakna, du somsov, og stå opp fra de døde, og Kristus skal lysa for deg. Efs. 5,14.

Når Herren seier: Dykk har han gjort levande, så står det fast for tid og æva. For i Kristus Jesus valgte han ut alle dødens barn til liv og frelse. Livet kjem ved Kristi ord. Dette ordet som vart kjøt og feste bu iblant oss. Med di han i kjærleik fyreat etla oss til barnekår hos seg sjølv ved Jesus Kristus etter sin viljes frie rād. I Han har vi utløsing ved hans blod, forlating for syndene, etter rikdomen av hans nåde. Efs. 1,5-7.

Lever du i og av dette som Jesus Kristus var og gjorde? Eller lever du av eige strev, kamp mot synda, domen og satan? Bare den som eig sonen har livet, den som ikkje har sonen, har ikkje livet. Lever du i Sonen?

Jeg gikk i blinde, Jeg lå i døden, Og mørkets fyrste holt meg ganske fast. Da ropte jeg til min Gud i nøden, han frelste meg og mørkets lenker brast.

*Odd Dyrøy*



## Kva er det som opptar deg mest?

For ei tid sidan las eg spørjespalta til ei av Oslo-avisene, og spørsmålet denne dagen var: Kva er det som opptar deg mest? Det var mange forskjellige svar. Ein var opptatt med idrett, ein annan med politikk osv. Det var likevel ikkje alt dette eg beit meg merke i, men noko som stod nederst. Der var det bilde av ei eldre kvinne, og svaret hennar var: Det som opptar meg mest er at Jesus snart kjem igjen for og henta sine. Tenk, det var ei som var opptatt av Jesus, og han skulle koma igjen. Er ikkje ofte ein slikt i avisene i dag.

Da eg las dette kom eg til å tenkja på det songaren syng: «Om Jesus kom i denne stund å henta heim di sjel. Vart du då med til himmelen til herlegdom hjå Gud. Skal du på gyldne gater gå og sigerskruna få, eller kanskje må på porten du fåfengt banka på.» Spørsmålet frå avisā blei til ei preik for meg der eg sat og las. Kva er det eg er opptatt av, og er eg rede til møta han når han kjem, eller er det kanskje denne verdens tankegang som har fått innpass i mitt liv.

Eg har lese litt i 1. Mosebok om Jakob i det siste, og det var ei setning som stanste meg der. Følket skulle opp til Betel for å tilbeda Gud, og Jakob seier til dei: «Få bort dei framande gudane som er hjå dykk og reinsa dykk og byt klede.» (1. Moseb. 35,2)

Dei var blitt opptatt med sine eigne gudar, og behovet for å møta den levande og sanne Gud var ikkje lenger så nødvendig. Montru det ikkje er lett for at ein har aveudar i dag også. Ting som tar den plassen Jesus skulle hatt i mitt liv.

Det kan væra ting som i seg sjølv er positive, men det hindrar oss i å møta Jesus. Og når Guds ord blir forkrynt så blir ein som husfolket til Jakob. Så opptatt med denne verdens ting at ein ikkje har tid til å bli stille for Herren.

Jakob var hard i sin tale til dei, for han kjende den levande Gud som er ein fortærande eld mot all synd. Og Gud er den same i dag som den gong han møtte Jakob og hans hus. Han er også den same som Esaias fekk møta, og som det står om Es. 6. Esaias fekk møta den tre gonger hellige Gud, og han ropa: «Usæl er eg! No er det ute med meg; for eg er ein mann med ureine lepper, og eg bur mellom eit folk med ureine lepper, og augo mine har sett kongen. Då flaug ein av serafane bort til meg; han hadde i handa ein gloande stein, som han med ei tong hadde teke på alteret. Med den rørde han ved munnen min, og så sa han; Sjä, denne har rørt ved leppene dine; no er din misgjer borte, og di synd er sona.»

Slik er det når ein får møta den levande Gud, og kjem inn i hans lys. Eins likagyldig- og sløyhet blir avslørt, og sjølv eins beste gjerningar fell i grus. Det var det Esaias fekk oppleva, men også at Gud tok bort synda, som songaren syng: «Alt som var meg imot, ble utslettet med blod, det ble naglet til korset med han.» Guds ord seier og så fint, at Jesus, hans sons blod rensar oss for all synd. Kvar den som tar imot ordet og gjev det rom i hjarta får oppleva dette. «Høyr så skal dykkar sjel leva.» (Es. 55,3) Så skal ein få leva i syndsforlatelsens rike, fortapte

synderes skjulested. Ein skal få vera eit Guds barn av berre nåde.

Ofte blir det snakka om at me må komma lenger, me kan ikkje bli ståande på syndarplassen. Eg har ofte tenkt på det som står i 4. Mosebok 28,3: «Sei til dei, så skal det eldofferet vera som dei ber fram for Herren: To årsgamalt lytelaust lam om dagen til fast brennoffer.» Dagleg offer, det var nødvendig og er nødvendig i dag også. Men me skal ikkje ofra lam. Det står så fint i Salme 51,18-19: «Offer for Gud er ei sundbrote ånd; eit sundbrote og knust hjarta vil du, Gud, ikkje forsmå.» Og det blir som Hallesby sa på sine gamle dagar: «Det største med det å få være en kristen er: Å vite at Jesus aldri forlanger mer enn at jeg hver dag kommer og forteller ham hvor dårlig det går med meg.»

Det står og så fint om tollaren i templet. Han hadde ikkje noko anna å bringa Gud enn disse orda: «Vær meg arme syndar nådig.» Han hadde innsett sin nød og kom til Jesus med den. Lever du på den plassen, eller er du som farisearen som takka Gud for at han var betre enn dei andre? Han var kommet lenger, og det var ikkje lenger behov for frelse. Men det står at tollaren gjekk rettferdigjort heim til sitt hus, den andre ikkje.

Men tilbake til Esaias. Det skjedde noko meir: «Då høyrdie eg Herren tala og sa: Kven skal eg senda, og kven vil vera vår bodberar? Då sa eg: Sjå her er eg, send meg!» Det han hadde opplevd, det måtte andre og få oppleva, og slik blir det for den som får møta Jesus. Ein får sjå at menneska går mot ei evig for-

taping, og det blir ein nød at også andre må bli frelst.

Det er så ofte ein skulle ha sagt noko om Jesus, men så sviktar ein. Korleis er det med deg som les disse linjene? Kjenner du i å noko av denne nøden? Men om ein har denne nøden, sa skal ein få gå til Jesus med den. Det står så fint i Rom. 8,26: «Men sameleis kjem Anden oss til hjelp i vår vannmakt. For me veit ikkje kva me skal be om, så som me treng det; men Anden sjølv bed for oss ned sukkar som det ikkje fins ord for.» I vår vanmakt og hjelpeøyse kjem Jesus oss til hjelp, og som Hallesby seier det: «Bønn og hjelpeøshet hører visselig sammen. Det er visst bare den hjelpeøse som kan be.»

Då blir han vår einaste trøyst, og då kan han og få bli vår styrke, vår frimodigheit og vårt alt. Og som sangaren seier det: «Ja, Jesus, lat meg alltid få ha mitt liv i deg! Ditt liv, di tru, din kjærleik, du gav det alt for meg. Her i mitt eige hjarta er berre synd og mein, men ved et verk du gjorde, er eg fullkommen rein.»

*Dag Rune Lid*



## Å ha fred med Gud er godt

Jeg husker godt den dagen krigen tok slutt, og budskapet kom: *Nå er det fred!* Jeg var tretten år den gangen, og skulle kjøre noen stoler vi hadde lånt tilbake, jeg kjørte med hest. Da budskapet nådde meg, ble jeg så glad at jeg sang høgt, for jeg så de norske flagg som var heist til tops. Da traff jeg en dame som kom syklende, og hun spurte meg i vorfor jeg var så glad. *Krigen er slutt og det er fred,* svarte jeg. Det er ikke sant, sa hun, og da kom jeg i tvil. Men da jeg kjørte videre og såg de norske flaggene som var heist til tops, kom troen på budskapet tilbake og tvilen måtte vike.

Denne damen var en som var venn med fienden, derfor benektet hun budskapet om fred. På samme måte er det med oss som er kommet til troen på Jesus, som har fått åpenbart for hjertet hva Jesus har gjort for oss og er for oss, og funnet fred med Gud i Ham, vi har en fiende—djevelen — som vil ta freden og troen bort fra hjertet vårt. Han har mange ting å komme med, synder vi har gjort før vår omvendelse og synder som fremdeles henger ved oss og plager oss, og sier at du har nok ingen fred. Lytter vi til denne røst, vil vi snart komme i tvil.

Da er det godt at vi kan få gå til Guds ord, og lytte til det ordet sier. Hva sier Guds ord? I Paulus brev til Efeserne, kap. 2, vers 14 sier Gud: For han (Jesus) er vår fred! Han som gjorde de to til ett og nedrev gjerdets skillevegg, fiendskapet. Esaias sier det slik i kap. 9,6: For ett

barn er oss født, en sønn er oss gitt, og herredømmet er på hans skuldre, og han kalles under, rådgiver, veldig Gud, evig Fader, fredsfyrste. Herren sier i Salme 29,11: Herren tronte på vannflommens tid, og Herren troner som konge evindelig, Herren skal gi sitt folk kraft, Herren skal velsigne sitt folk med fred!

Ja dette er den største freden et menneske kan oppleve på denne jord: Guds fred som overgår all forstand. «Å eie Guds fred er en dyrebar skatt, Den spredet alt mørke, bortjager all natt, Den fyller mitt hjerte med glede og fryd, Den smykker meg ut med all ære og pryd. *Når Jesus er min, se da har jeg all fred,* Og salig jeg er når jeg går i hans fjed. Min synd har han sonet og gjelden betalt, Han gav meg seg selv, og nå eier jeg alt. Den skatt jeg nå eier, er varig og stor, I tro den bevares ved allmaktens ord. Om jorden forgår, så forblir dog min skatt. Den stråler selv om himlen er matt. All ære og pris, du Guds slaktede lam, Som villig har båret min synd og min skam! Deg priser mitt hjerte, min ånd og mitt blod, Snart skal jeg få se deg, min Frelsermann god». (Den gamle sangb. nr. 318)

Dette at Han (Jesus) er vår fred, har gjort meg så useielig godt! Derfor har jeg lyst til å dele det med deg, kjære broder Amund, og alle dere andre som leser Lov og Evangelium.

Hilsen Gunvald Fosen

# For Gud er ikkje uordens Gud, men freds Gud

Det er lite hyggeleg å bu i ein heim der uorden og ufred rår, og på same vis er det å bu i eit land der uorden og ufred rår grunnen. Men slik er ikkje Gud, og slik har ikkje Gud tenkt det hverken i heimen eller i landet.

Nei Skrifta viser klart at Gud er ordens Gud og freds Gud, og slik har han tenkt det og ordna det for oss, og slik ville det bli om me går Guds veg og let Gud styra og råda i vårt hjarta og liv.

Det er Gud som har ordna det slik som det er best for oss, med overordna og underordna både i heim og samfunn. Der denne Guds ordning og lov ikkje blir respektert, der blir det ufred og opploysning.

I 1. Korint. 13. kap. står det: «Men kvar mann vere lydig mot dei styremaktena han hev over seg! *For det finst ikkje styremakt utan av Gud*, men dei som finst, dei hev Gud skipa, so den som set seg imot styremakta, han set seg imot Guds skipnad; men dei som stend imot skal få sin dom». Her ser me at det er Guds ordning at me hev styremakt over oss, og dei er ikkje til redsla for dei som gjer godt, men for den som gjer vondt. Vil du sleppa frykt for dei styrande, så gjer godt, og du vil få ros, for ho er Guds tenar til gagn for deg. Men gjer du det som er vondt må du vel reddast; for ho er Guds tenar, ein hemnar til refsing for den som gjer vondt. Set deg ned og tenk over korleis du ville ha det utan lov og rett og ei styremakt som heldt orden. Då ville me få anarki, sagt med eitt

«fint» ord. Kva tyder det? Slå opp på anarki i Leksikon og du får vita det: «Mangel på styre, lovløshet, kaotiske forhold osv.» Det vil seja at det vonde menneskehjarta og makta yvertek, og det du eig blir stole, kona di og døtrene dine blir voldtekne, og den som set seg til motverja eller vil hjelpe deg blir slegen ihel. Og vil du vita meir om anarki og lovløysa, kan du få det der ein fiender fer fram.

Kanske du innvender at ikkje alle styremakter er av Gud, og det har du rett i, sett frå ei sida. Det er Guds ordning med styremakt, men den styremakt som ikkje lyder Gud og Guds ord står under Guds dom. Gjer dei det som er Gud imot — som t.d. set inn ei lov som gjev kvinna rett til å ta livet av sine eigne barn i mors liv, då skal du ikkje lyda dei, men lyda Gud meir enn menneske, for Gud står over oss alle. Gud står yver all styremakt, som er Guds tenar, og gjer dei mot Guds vilje og ord, så vil dei få sin dom i Guds time. Gjer du det vonde dei påbyd, blir du deira medskyldige.

Men før Gud sette styremakt og overordna i samfunnet, ordna han forholdet i heimen. I heimen la Gud grunnlaget for alt då han skapte dei to første menneska, mannen og kvinna. Mannen blei skapt først, og kvinna blei skapt for mannens skuld, og dei to tilsaman fekk bod om å skapa heimen, fylla jorda og brukha den. Heimen er det minste samfunnet, men det første og grunleggjande for det store samfunnet på jorda. Slik

heimane er, slik vil det bli i samfunnet og fedrelandet.

I 1. Korint. 11. kap. får me hoyra Guds ordning: «Men eg vil de skal vita at hovudet for kvar mann er Kristus, og hovudet for kvinna er mannen, og hovudet for Kristus er Gud». Her ser me at alle mennekse hev fenge sine overordna, som me skal lyda, endå Kristus som menneske hadde Gud som overordna her på jorda.

Dette får me nermare utdjupa i Efeser. 3. kap.: «Ver ikkje uvituge, men skyna kva Herrens vilje er! — og alltid takkar Gud og Faderen for alle ting i vår Herre Jesu Kristi namn, og er kvarandre undergjevne i otte for Kristus! De koner, ver dykkar eigne menn undergjevne som Herren! For mannen er hovudet for kona, liksom Kristus er hovudet for menigheten, han som er frelsar for lekamen sin. Men liksom menigheten er Kristus undergjevi, so skal og konene vera mennene undergivne i alle ting. *De menn, elsk konenen dykkar, liksom Kristus elsk menigheten og gav seg sjølv for henne, so han kunne helga henne, med di han reinsa henne ved vassbadet i Ordet, so han sjølv kunne framstella menigheten for seg i herlegdom, utan flekk eller rukka eller noko slikt, men so ho kunne vera heilag og ulastande.* Soleis skyldar mennene å elskja konene sine som sine eigne lekamar. Den som elskar kona si, elskar seg sjølv.

Om barna sitt forhold til foreldra, og foreldra sitt forhold til barna, talar han om i det sjette kap. i Efeserbr.: *De barn, lyd !ykkar foreldre! Åre far din og mor din, så det må ganga deg vel.*

Til foreldra seier Gud: *De fedre, arga ikkje barna dykkar, men fostra dei opp i Herrens tukt og påminning!*

Til tenrarar og arbeidara seier Herren: *De tenrarar, Ver lydige mot dykkar Herrar — arbeidsgjevarar, med age og otte, i dykkar hjartans einfelde, som mot Kristus, ikkje med augnenestenesta, som slike som vil tekjast menneske, men som Kristi tenrarar, so de gjer Guds vilje av hjarta og godviljagt tener som for Herren og ikkje som for menneske. (Efes. 6, 1-9).*

Herren gløymer heller ikkje herrane, arbeidsgjevarane, dei overordna heller. I vers 9 seier han: *Og de herrar, gjer det same mot dei — det v.s. i hjartans einfelde i lydnad mot Kristus, som Kristi tenrarar, so de gjer Guds vilje av hjarta — so de let vera å truga; for de veit at både deira og dykkar Herre er i himmelen, og han gjer ikkje skil på folk.*

Her hev me sett litt av Guds gode ordning, med overordna og underordna, og di nerare me lever opp til Guds gode tanke og ordning for oss, di betre blir livet i ekteskapet, i heimen og samfunnet. Og me høyrdie han gjer ikkje forskjel på folk, anten me er underordna eller overordna, om me er barn, foreldre, lærar eller andre fyresette, eller har fenge teneста i storting eller regjering, alle står me under den same Herre, det same Guds ord. Han som er ovanfrå himmelen, er over alle, seier Guds ord.

Korleis er så mitt og ditt forhold til Gud, til hans ord og til hans ordningar og livslover? Finn fram bibelen din, still deg inn i lyset frå Guds ord, du personleg, lat det lysa over deg og ekteskapet

---

ditt, over heimen din, på arbeidsplassen, tenesta di anten den er i heimen, eller i samfunnet. Pruta ikkje med Gud, protester ikkje til Guds ord, men gjev det rett, for Guds ord har alltid rett.

Du har lita tid å ordna di sak med Gud. I dag er nådens dag, men nådetida minkar dag for dag, år for år, og plutselig er nådetida slutt. Herrens dag kjem uventa, då når ingen tenkjer, og me vedkjänner i trusvedkjenningsa at me trur på han som kjem att for å døma levande og døde. Liksom det er så laga at *me lyt døy ein gong*, og sidan kjem dom, soleis er og Kristus ofra ein gong for å taka syndene brut frå dei mange; og andre gongen skal han, utan synd, syna seg til frelsa for dei som ventar på han. Like visst som Jesus kom fyrste gong for å frelsa, kjem han andre gongen til dom, og skyene opnar seg og som ljonet skin frå himmelbrun til himmelbrun skal alle sjå han, også dei som har gjennomstunge han, ved å stå hans ord og kall imot. Hør hans kalling i sjel og sinn, gå og slepp din frelser inn, i dag om du høyrer hans røyst!

## Gave fra Gud

«Et menneske kan ikke få noe uten at det er gitt ham fra himmelen.» (Johs. 3,27)

Synes du dette er en overdreven påstand? Spør da deg selv: Hva er det du har som du ikke har fått? Du klarer deg bra selv sier du. Men hvem tror du du har å takke for det? Er det utelukkende din velsignelse om du har en kropp som kan arbeide, et arbeid å gå til, bor i et land hvor det går an å få deg daglige brød og mere til? Du skal ikke glemme at Norge ha vært et kristent land i århunder nå. Og et folk som velger Guds veg, blir velsignet.

Men mange idag ber ikke lenger bordbønn. Det kan bero på to ting: Uvitenskap eller hovmodighet.

Nei, vær ikke vis i egne øyne. Vær ikke hovmodig. Frykt Herren og forkast det onde. *Og takk HAM* for alle ting. For alt han i sin godhet gir, og vil gi deg.

H.C.H.

*Amund Lid*